

# *Oppigarden barnehage*



## *ÅRSPLAN 2024-2025*

E-post: [styarar.oppigarden@volda.kommune.no](mailto:styarar.oppigarden@volda.kommune.no)

Heimeside: [Heimeside Oppigarden barnehage](#)

Adresse Heltnevegen 13, 6103 volda

Telefon: Revehiet: 48 04 75 49

Solstova: 48 03 43 11

Bjørnehiet: 48 05 87 31

Trollstova: 48 03 77 26

Kontor: 46883322

## *Innholdsliste*

DETTE ER OPPIGARDEN BARNEHAGE: .....	3
BARNEHAGEN SIN VISJON .....	4
INKLUDERING .....	5
BARN OG BARNDOM .....	5
TRIVSEL OG VENNSKAP .....	6
LEIK .....	7
OMSORG .....	7
BARNES MEDVERKNAD .....	8
MANGFALD .....	8
PSYKISK HELSE .....	9
DEI YNGSTE BARNA, 1-2 år .....	11
SOLTROLL 2-3 ÅR .....	12
BAMSEKLUBBEN 2-4 ÅR .....	12
JUNIORKLUBBEN 4-5 ÅR .....	12
KLØVERKLUBBEN, SKULESTARTARANE .....	13
PROGRESJON .....	14
FELLESAKTIVITETAR OG TRADISJONAR .....	15
FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN .....	15
Kommunikasjon, språk og tekst .....	16
Kropp, rørsle, mat og helse .....	16
Kunst, kultur og kreativitet .....	19
Natur, miljø og teknologi .....	20
Mengd, rom og form .....	21
Etikk, religion og filosofi .....	22
Nærmiljø og samfunn .....	22
OVERGANGAR .....	23
Overgang heim – barnehage eller mellom barnehagar .....	23
Overgang mellom avdelingar .....	24
Overgang barnehage - skule .....	24
SAMARBEID MED FORELDRE/FØRESETTE .....	24
VURDERINGSARBEID .....	25
SAMARBEID MED ANDRE INSTANSAR .....	26
KVALITETSUTVIKLING .....	27
OVERSIKT OVER FELLESAKTIVITETAR OG TRADISJONAR 2024-2025 .....	28

## DETTE ER OPPIGARDEN BARNEHAGE:

Eigar: Volda kommune.

Opningstid: 07.15-16.15

Oppigarden barnehage vart starta opp hausten 1980.

Barnehagen har fire avdelingar med 52 barn fordelt slik:

Solstova	1-3 år
Trollstova	1-3 år
Revehiet	2-6 år
Bjørnehiet	3-6 år



## FØRINGAR FOR BARNEHAGEN

Volda kommune sine barnehagar vert drivne etter:

- [Lov om barnehagar](#)
- [Føresegner og retningslinjer frå Utdanningsdirektoratet \(UDIR\)](#)
- [Rammeplan pr. 01.08.2017](#)
- [Kommunale vedtekter for barnehagane](#)
- [Oppvekstplan for Volda kommune](#)

### **Barnehagelova av 17.juni 2005 nr.64 om barnehagar**

#### § 1 Formål

*"Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.”*

### **§ 2 Barnehagen sitt innhold:**

*«Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet»*

*... Departementet fastsetter nærmere regler om barnehagens innhold og oppgaver (rammeplan) ved forskrift. Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold.*

*Med utgangspunkt i rammeplanen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.”*

## **Oppvekstplan for sektor Oppvekst i Volda kommune**

Sektor oppvekst sin visjon speglar eit optimistisk syn på framtida vår og kva vi ønsker å oppnå.

Visjon:



*Volda kommune har trygge barn, unge og vaksne  
som deltek, meistrar og lærer.*

Alle som jobbar i oppvekstsektoren i Volda kommune er pålagt å jobbe etter denne visjonen.

## **BARNEHAGEN SIN VISJON**

**EIT INKLUDERANDE MILJØ DER VI VEKTLLEGG TRYGGLEIK, TRIVSEL  
OG SOSIAL KOMPETANSE**

For å realisere denne visjonen jobbar vi kontinuerleg med at:

- tryggleik, omsorg, trivsel og humor står sentralt i møtet med barna. Anerkjennande kommunikasjon, ros og oppmuntring er viktig i møte med kvart enkelt barn. Vi har barnet sitt beste i fokus til ei kvar tid.
- alle barn skal erfare å vere viktig for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne.
- barna skal lære å respektere og ha tru på seg sjølv og andre, vise omsorg og dei skal få oppleve å bli sett for den dei er. Personalet støttar barna i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider og reflektere over eigne og andre sine kjensler, opplevingar og meiningar.
- personalet legg til rette for eit godt leike- og læringsmiljø og er gode rollemodellar ved å vere nærverande og engasjerte i barna sine prosjekt.

Alt dette er ein føresetnad for barn si danning, og gjennom danning legg ein grunnlaget for allsidig utvikling.

## INKLUDERING

I visjonen vår står at vi skal ha eit inkluderande miljø. Inkludering handlar om at vi skal sikre at alle barna får oppleving av å delta og vere ein viktig del av fellesskapet, uavhengig av bakgrunn, føresetnad og behov. Det er viktig å jobbe med tryggleik, fellesskap, relasjonar, korleis vi møter alle barn og vaksne. Det å bli sett og høyrd er ein del av mennesket sitt grunnleggjande behov og er viktig både for at dei skal føle seg trygge og inkluderte.

God dialog og godt samarbeid med dei føresette ein føresetnad for god inkludering.

## BARN OG BARNDOM

Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen. Vi skal bidra til at alle barna får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik. Alle handlingar og avgjersler som gjeld barnet, skal ha barnets beste som grunnleggjande omsyn.

## TRIVSEL OG VENNSKAP

Vi jobbar aktivt med det sosiale miljøet i barnehagen. Målsetjinga er å skape eit triveleg og trygt klima der borna skal ivareta og utvikle sin sosiale kompetanse, det vil seie; lykkast i å omgåast andre. Arbeid for eit godt miljø er førebyggjande arbeid mot mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, skal barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp. «*Mobbing av barn er handlinger fra vaksne og/eller barn som hindrer opplevelsen av å høre til, å vere en betydningsfull deltaker i fellesskapet og muligheten til medvirkning*» (Lund, Helgeland og Kovac, 2017).

### **Stikkord:**

- Rolletaking - forståing for andre sine perspektiv
- Prososiale haldningar og handlingar- inkluderande fellesskapsverdiar som å hjelpe, oppmuntre og dele med andre
- Støtte barn i konfliktløsning
- Jobbe med empati. Personalet skal møte barna med empati og gjennom det stimulere barnas evne til å vise forståing for andre sitt perspektiv, tankar og følelsar, kunne leve seg inn i andre sin situasjon , vise medføling og ta omsyn.
- Møtast i respekt for det som er ulikt både individuelt og kulturelt
- Sjølvkontroll - vente på tur, kompromisse i konfliktsituasjonar og i leik og samarbeid med andre
- Lære å hevde seg sjølv og eigne meiningar på ein god måte. Våge å stå imot gruppepress.
- Stimulere born til å engasjere seg og la seg rive med i glede, leik og humor

Det er viktig at borna utviklar evne til å kommunisere og vere ilag på ein positiv måte. Vi jobbar målretta med vennskap frå mange ulike innfallsvinklar. Borna må bli kjend med og respektere sine eigne og andre sine kjensler, bli møtt med forståing, og få hjelp til å sortere og handtere kjensler. Vi brukar kunnskap frå hjelpemidla «steg for steg», psykologisk førstehjelp med «raude og grøne tankar» og tryggleikssirkelen for å støtte borna i utviklinga.

## LEIK

Leiken skal ha og har ein sentral plass i barnehagen og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Leiken er arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Leik gjennom læring, læring gjennom leik. Barnehagen skal inspirere til og gje rom for ulike typar leik både ute og inne. Det er gjennom leik barna lærer å kjenne seg sjølv og verda rundt seg. I leikefellesskapet vert grunnlaget lagt for barnas vennskap med kvarandre.

### **Stikkord:**

- Å leike er gøy, frivillig og lystbetont.
- Støtte barnas initiativ til samspel
- Bidra at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å halde på venner
- Fremje inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik
- Rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster
- Vere bevisste på og vurdere eiga rolle og deltaking i leiken
- Leiken vert mellom anna stimulert gjennom kvardagsopplevingar, ulike prosjekt og turar.
- I leiken styrkjer borna identitet og sjølvkjensle.

## OMSORG

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal kunne utvikle empati og nestekjærleik. Alle barna i barnehagen skal oppleve at dei blir sett, forstått og respektert. Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, som grunnlag for trivsel, glede og meistring.

### **Stikkord:**

- Dekkje barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behovet for ro og kvile.
- Støtte barna til å vise omsorg for andre og til sjølve å kunne ta imot omsorg
- Bidra til at barna kan utvikle tillit til seg sjølve og andre.
- Bidra til at barna utviklar empati, dvs. evne til å sette seg inn i andre sine opplevingar og reaksjonar, samt evne til å tilgi.

## BARNES MEDVERKNAD

Barns medverknad er heimla i FN sin barnekonvensjon og i rammeplanen. Barn har krav på respekt for sitt menneskeverd, og dei har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehage-kvardagen sin, og meininga deira skal tilleggas vekt i samsvar med alder og utvikling. Dei yngste barna må vi observere og følgje opp utifrå uttrykka og behova dei melder.

- Borna skal sjølv kome med synspunkt og lære å argumentere for dei, og personalet tek forslag på alvor.
- Barna deltek i kvardagslege aktivitetar og prosessar som tillaging av mat, måltid og andre aktivitetar, med smittevernomsyn, slik det til ei kvar tid ligg føre i retningslinjer.
- Det er viktig med tid og rom for samtale og refleksjon, bli lytta til.
- Vere delaktige i kvardagslege gjeremål, som f.eks. å leite opp det ein treng til aktivitetar
- vere medansvarlege for å ta vare på og rydde leiker og utstyr
- Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.
- Tema og opplegg vert tilpassa og utvikla utifrå barna sine interesser og ulike innspel dei kjem med i kvardagen.
- Vere med å lage reglar for korleis vi skal vere mot kvarandre.

## MANGFALD

Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Det er viktig at barna får sjå ulike måtar å tenkje, handle og leve på. Barna kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap. Vidare skal barnehagen synleggjere variasjonar i verdier, religionar og livssyn.

Vi i barnehagen skal by på impulsar, opplevingar og erfaringar og omfatte lokale, nasjonale og internasjonale perspektiv. Vi skal også synleggjere eit mangfald i familieformer og sørgje for at alle barn får spegla sin familie i barnehagen. Alle barn skal få oppleve å bli sett for den dei er. Vi ser på mangfald som ein ressurs.

Stikkord:

- Gutar og jenter skal ha like moglegheiter for å bli sett og høyrte og vi skal oppmuntre dei til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen.



- Mangfald inneber blant anna ulikskap i alder, kjønn, identitet, kultur, familieformer, språk, religion og livssyn. Vi belyser både ulikskap og det vi har til felles.
- Samisk kultur
- Song og musikk, leikar og forteljingar frå ulike kulturar
- På personalmøte set vi av tid til refleksjon for kva dette har å seie i vårt daglege arbeid.

## PSYKISK HELSE

I barnehagelova kap. 8 står det at alle barn har rett til eit godt og trygt barnehagemiljø utan krenking og mobbing. Dei tilsette i barnehagen skal sørge for at barna har det trygt og godt. Dersom eit barn ikkje har det trygt og godt, styrar informerast og det skal utarbeidast ein tiltaksplan. I planen skal det stå:

- kva problem som skal løysast
- kva barnehagen har planlagt
- når tiltaka skal gjennomførast
- kven som skal gjennomføre tiltaka
- når tiltaka skal evaluerast.

Hausten 2024 får personalet kompetanseheving i kurset «Sjå barnehagebarnet innanifrå». Dette kurset er ei fordjuping i korleis vi brukar kunnskap basert på boka «Se barnet innanifrå» av Ida Brandtzæg, Stig Torsteinson og Guro Øiestad, men fokus på relasjonsarbeid og trygg tilknytning. Dette er ein barnehage versjon av Tryggleikssirkelen (COS) som er meir retta mot personalet i barnehage. Målet med dette kurset er å gje tilsette i barnehagen ei metode om å sjå ein sjølv, barna og foreldre innanifrå.

Barnehagen jobbar med å:

- Styrke dei tilsette si bevisstheit og kunnskap om korleis man fremmer oppleving av tryggleik
- Styrke dei tilsette si bevisstheit og kunnskap om korleis fremme barns oppleving av tilhøyrse
- Styrke dei tilsettast bevisstheit og kunnskap om korleis danne eit omsorgskollektiv saman med barnas foreldre.


Dette er eit arbeid som vil bli kontinuerleg repetert og evaluert - kvart år.

## Tryggleikssirkelen

Tryggleikssirkelen er eit hjelpemiddel som omhandlar korleis vi som vaksne kan legge til rette for trygge barn og ivareta barna sine behov. Som ein ser på sirkelen så har barn ei sikker base, vi vaksne, som dei skal kunne tørre å gå ut i frå og utforske.


Dette ser vi på den øvste delen av sirkelen. Vi som trygge vaksne skal vere med å støtte barna si utforsking, der vi gler oss over og saman med dei, hjelper dei og har det fint saman med dei.

Vidare på sirkelen skal vi som vaksne framleis vere der for barna, men da som ei trygg «hamn» som barna kan komme til når utforskinga for blir skummel, utrygg, utfordrande eller når det til dømes har slått seg. Dei tilsette skal beskytte barna, trøyste dei, vise godheit for dei og vere nokon som kan organisere følelsane deira, samtidig som barna skal rustast for framtida. For å støtte opp under trygghet må tilsette/foreldre alltid vere: **Større, sterkare, klokare og god.** Når det er mogleg: følgje barnets behov, når det er nødvendig: ta leining. Det er viktig at vaksne grip inn av og til for å sørge for barnets beste. Her gjeld det å finne ein god balanse mellom det å vere større, sterkare, klokare og god.



## Reparasjonssirkelen

Reparasjonssirkelen viser korleis borna treng at den vaksne hjelper sortere det dei kjenner på, tek styring og hjelper dei tilbake i aktivitet frå ein ny ståstad.



## DEI YNGSTE BARN, 1-2 år

Vi legg til rette for at barna får ein trygg og god start hos oss. Vi tilpassar rutinar og organiserer tid og rom, slik at barnet opplever å bli møtt i sine behov. Eit godt foreldresamarbeid er viktig for at barna blir trygge, etablerer relasjonar og knyter seg til personalet og til andre barn. Foreldre og personalet bør ha eit felles mål om at vi ynskjer barnet sitt beste til ei kvar tid. Barnet får ein tilknytingsperson som har eit særleg ansvar for å bli godt kjend med barnet og foreldra i oppstarten. Eit barn som er trygt, kan våge å vere i leik, sosialt samvær og relasjonar, og er grunnleggjande for all læring og utvikling. Fellesskapet i barnehagen er viktig som læringsarena, og vennskap blir grunnleggjande for eit godt fellesskap. Gjennom samspel med dei vaksne og barnegruppa, vil barnet ha gode vilkår for utvikling og læring. Dei vaksne må observere, tolke og respondere på dei små signala barna sender ut, og på den måten skape trygghet.

Ved å la barnet prøve sjølv og oppleve anerkjenning og meistring legg vi grunnlaget for vidare trivsel og utvikling.

Hos dei yngste barna har humoren først og fremst ein kroppsleg basis, og blir vesentleg utvikla gjennom samhandling barna imellom. Dei yngste barna opplever verda gjennom kroppen.

## SOLTROLL 2-3 ÅR

1. Det er dei eldste barna på Solstova og Trollstova som går på Soltroll. Her er målet å gje barna eit tilbod som er meir tilpassa deira alder, og gje dei noko å strekke seg etter. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli betre kjend med kvarandre på tvers av avdelingane. Til våren blir fokuset overgang og tilvenning til ny avdeling (Bjørnehiet eller Revehiet). Målet er at barna blir kjent med barn og tilsette for å trygge overgangen mellom avdelingane.

Aktivitetar som barna får vere med på i denne gruppa er blant anna:

- Formingsaktivitetar tilpassa alder,
- Vere med på å lage mat
- Turar, også i samarbeid med Bamseklubben
- Leike på heile uteområdet
- Besøke dei andre avdelingane på huset (fokus til våren)

## BAMSEKLUBBEN 2-4 ÅR

Dei yngste på 2-6 års avdelingane er dei som går i Bamseklubben. Den første tida handlar om å bli kjent med både vaksne og dei andre borna, og å bli trygg på ny avdeling. Vi brukar god tid på dette, det er viktig at alle borna finn sin plass i gruppa. Vi delar gjerne inn i mindre leikegrupper, der bamseklubben får leike med jamaldrande. Bamseklubben er kroppsleg aktive, og leiken deira er ofte prega av det. Vi legg til rette for passande samlingar og aktivitetar ut frå både alder og modning på borna. Bamseklubben vil samarbeide med Soltrolla etter nyttår.

## JUNIORKLUBBEN 4-5 ÅR

I august det året borna blir 4 år, går dei over i Juniorklubben. Dialogar er viktig i denne aldersgruppa, og vi har gjerne samlingar der vi ser på bilete i bøker, og undrar oss saman om kva som skjer. Borna vil i denne aldersgruppa ha større forståing for korleis ting heng saman, og då er det viktig å tilby dei aktivitetar som stimulerer til refleksjon og utvikling. Leiken står også sentralt i denne aldersgruppa, og rolleleiken

blir til dømes meir avansert og planlagt. I leiken må dei lytte til andre, løyse konflikhtar og vise empati for andre. Dei lærar også seg sjølv å kjenne gjennom leiken. Vennskap og kjensla av å høyre til er gjerne viktig for dei i denne aldersgruppa.

## KLØVERKLUBBEN, SKULESTARTARANE

Kløverklubben er dei borna som skal ta til på skulen til hausten. I år er det 12 barn. Kløverblada symboliserer tema som er felles for alle, men som vi vil gå i djupna på med Kløverklubben for å ruste dei til skulestart. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte, og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Kløverklubben kjem til å ha opplegg ca. annakvar veke, både kvar for seg og i samarbeid mellom Revehiet og Bjørnehiet. Det er etablert gode rutinar i Volda kommune for overgangen til skule, blant anna besøker vi skulane som borna skal gå på, både uformelt og etter invitasjon, slik at dei kan begynne å gjere seg kjende. I samarbeid med foreldra formidlar barnehagen viktig informasjon om kvart enkelt barn til skulen for å lette overgangen. I samband med det vert det samla inn informert samtykke i foreldresamtale. Sjå meir info under kap. Samanhengen mellom bhg-skule-sfo

### **Natur/friluftsliv:**

- Sopptur og andre turar
- orientere seg i naturen
- ta vare på naturen
- samspel natur/menneske
- berekraftig utvikling
- ski/aking

### **Sosial kompetanse:**

- Sjølvhevdning/respekt for seg sjølv
- Hevde egne synspunkt og akseptere andre sine
- tru på egne evner/stå imot gruppepress
- sjølvkontroll i enkeltsituasjonar
- ta omsyn og vise omsorg
- vere ein del av eit fellesskap
- ta kontakt med andre på ein positiv måte
- samhandle med andre

- kompromisse/vente på tur
- øve på å bli sjølvhjelpet med påkledning mm

**Skuleførebuande opplegg:**

- leike med ord, rim og regler
- verte fortruleg/ ha kjennskap til tal og bokstavar
- øve på å skrive namnet sitt
- få eit positivt forhold til tekst og høgtlesing
- øve på godt grep om blyanten og bruk av saks
- matematiske omgrep
- spele spel med terning
- Lesestund kvar veke gjennom vinteren
- Gå innom skulegardane og gjerde seg kjent på både Bratteberg og Øyra. Kjekt for alle å vite korleis det ser ut der dei sjølve skal gå og der vennane skal gå.

## PROGRESJON

Ved å dele inn barnegruppene i klubbar der ein har ein del tilpassa aktivitetar legg vi til rette for progresjon. På den måten kan barnehagen skape ein naturleg progresjon i aktivitetane, og legg til rette for at barna har noko å strekke seg etter.

## FELLES AKTIVITETAR OG TRADISJONAR

Barnehagen har tradisjon for mange fellesaktivitetar på tvers av avdelingar. Målet med det er å jobbe med fellesskapet både i barnegruppa og personalgruppa, samhald, bygging av kultur og identitet. Døme på slike aktivitetar er:

- Felles songstund ein gong i månaden.
- Friluftsvеke og miljøvernveke
- Barn i andre land og foreldrekafé
- Diverse juletradisjonar, nissefest og Julefrukost
- Sommarfest
- Eitt fellestema for kvart år. I år er det husdyr som er fellestema
- Karneval



## FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN

Barnehagen har tradisjon for å jobbe tverrfagleg, og fagområda vil verte integrert i dei daglege aktivitetane. Mange av aktivitetane kjem inn under fleire av fagområda samtidig. Leiken dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda. Barnehagen skal bidra til å etablere eit lærande fellesskap som verdset ulike uttrykk og meiningar.

### 7 FAGOMRÅDE:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengd, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

## Kommunikasjon, språk og tekst

Å kunne kommunisere er grunnleggande for kontakt med andre, og basis for sosialt samspel. Barnehagen skal bidra til at barna får utforske og utvide språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonar.

- Vi er førebilete og fremjar alle formar for kommunikasjon og språk , og vi er bevisste på at dette påverkar alle sider ved barnet si utvikling. Vi brukar rette ord, bilete og i enkelte tilfelle teikn for å utvikle barnas ordforråd.
- Vi brukar ASK som arbeidsmetode for å inkludere alle barn i kommunikasjon og samspel.
- Vi jobbar for å skape eit variert og godt språkmiljø der barna får oppleve glede ved å bruke språket og kommunisere med andre.
- Vi anerkjenner og responderer på dei ulike verbale og ikkje-verbale uttrykka til barna og støttar språkutviklinga deira.
- Vi inviterer til ulike samtalar der alle barna får fortelje, undre seg og stille spørsmål. Alle skal få kome til orde og få taletid.
- Vi støttar barna til å kunne setje ord på kjensler, tankar, meiningar og erfaringar.
- Vi legg til rette for og støttar barna i språkleg samhandling inne og ute, til dømes leikegrupper.
- Vi bidreg til at barna opplever spenning og glede ved å gi dei erfaring med ulike måtar å formidle tekst og fortellingar på. Som til dømes høgtlesing, rim, regler, song og samtale. Bøker skal vere lett tilgjengelege.
- Vi brukar bevisst bilde og konkretar, som støtte og synleggjering i det pedagogiske arbeidet. Vi har eit verktøy som heiter Snakkepakken som vi nyttar i samling og læringssituasjonar.
- Vi observerer og støttar barn som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, er lite språkleg aktive eller har forsinka språkleg utvikling.
- Vi vel gjerne ut gode songtekstar på nynorsk, og formidlar bøker på dialekt.
- Gjennom samlingsstundene ynskjer vi å skape ei kjensle av fellesskap, øve opp konsentrasjon, stimulere språket, samt kjenne glede ved song og musikk.

## Kropp, rørsle, mat og helse

I barnehagelova § 2 står det at «Barnehagen skal ha ein helsefremjande og en forebyggande funksjon og bidra til å utjamne sosiale forskjellar» og [på fhi sine sider](#) står det ein anbefaling om at 1–5 åringane bør være allsidig fysisk aktive med varierte bevegelsar, aktivitetar og leik i minst 180 minuttar fordelt utover dagen.



Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna. Vi er mykje ute og legg vekt på at borna skal få bruke heile kroppen sin fordi:

- motorisk trening verkar inn på heile utviklinga til borna
- dei lærer å kjenne sin eigen kropp og får auka sjølvkjensle
- dei kjenner glede ved å bruke kroppen aktivt

Borna skal bli kjende og kjenne seg trygge på heile uteområdet. Nærverande og støttande vaksne høyrer med. Her er mange fine gøymeplassar og stadar der dei kan leike i smågrupper. Leiken har gode vilkår i barnehagen.

### Uteområdet

Oppigarden barnehage har eit unikt uteområde som vi er veldig glad i. Det er eit naturområde som har gode høve for leik gjennom heile året. Uteområdet er i endring. "Skogen" som blei utvikla i samarbeid med Asbjørn Flemmen i 1987 har mange avvik i forhold til dagens krav og vil bli endra. Den består av blant anna klatretau, slengtau, slengstigar, dekkvegg, balanseområde og ballbane. Det er lagt vekt på at barna skal få oppleve meistring, spenning, utfordring og utvikling i uteleiken.

Andre endringar som kjem i år er at vi får ein grillhytte, nye silebanar, vippe og brannbil på uteområdet.

Vi vil legge til rette for spontan leik (leik som spring ut frå barnet sjølv, ut frå deira føresetnader på det utviklingstrinnet dei er). Uteområdet gjev høve til progresjon, der barna meistrar utifrå alder og føresetnad til dei enkelte. Vi har eit område som inviterer til spennings- og risikofylt leik. Leik med utfordringar og risiko er viktig for barna si utvikling, evne til risikovurdering og eiga meistring. Dei tilsette går sjekkerunde kvar dag før borna går ut.

### Turar og gode turmål

Det er viktig å gje barna positive haldningar til å vere i fysisk aktivitet, og lære å ta vare på kropp og helse og trene opp kroppen ved å gå kortare og lengre turar i nærmiljøet, oppleve endringane i naturen under dei ulike årstidene og lære å ta vare på naturen.



### Turmål:

- Årneset, Grindaløda, lærarskuleskogen, «klatretreet», stadion og stadionparken, sjukehusparken og ulike leikeplassar i nærområdet
- Bruke eit naturområde i nærleiken som vi besøker ofte

Ei naturoppleving er direkte kopla saman med sansane, for eksempel:

- lukte våt mose og lyng
- smake på bær
- høyre fuglesong
- lyd av elvar som renn
- kjenne på ulike naturmateriale
- lage mat på bål og stormkjøkken

### Måltid og matlaging

Måltida i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar. Barnehagen legg til rette for tre måltid med ro og god tid til å ete.

1. Matpakke til frukost. Vi oppmodar om sunn og variert mat i matpakka. Ønsker at alle matpakkar skal vere nøttefrie, dvs. utan pålegg med nøtter og nøtter i. Dette grunna barn med nøtteallergi.
2. Lunsj er smørjemåltid med grovt brød, variert pålegg og agurk/paprika/tomat/gulerot. Vi lagar ulike rettar saman med borna av og til, og har oftast eit varmt måltid i vek.
3. Lettmåltid med brød/knekkebrød eller yoghurt og kornblanding samt frukt/grønsaker

Vi lagar ulike matrettar i lag med borna. Matrettane representerer ei blanding av nye og gamle mattradisjonar, både festmat og kvardagsmat, norsk mat og mat frå andre kulturar som er representert i barnehagen. Så langt det er råd vil vi ta borna med på matlaging både ute og inne. Lage mat «frå botnen» med sesongens råvarer.



Handvask og god hygiene høyrer med. Vi ynskjer at borna skal lære kvar maten kjem frå, kva den er laga av og også lære å smake på ukjend mat. Når vi lagar mat i lag og samlast til eit godt måltid etterpå, gjev det grobotn til positivt samspel, hyggje og god læring.

## Bading og vasstilvenjing

### Bading:

I år er det bading kvar tysdag i september, oktober og november er det bading. Dei første 6 vekene er det medlemmane av Kløverklubben som skal på bading. Dei siste 6 vekene er det bading for Juniorklubben. Det vil bli påminning om dette på avdelingane. Vi går frå barnehagen omlag kl. 9.00. Alle som skal vere med på bading må ha fått samtykke i Vigilo for at barna skal få lov til å vere med. I tillegg må alle ha med seg badehette og ferdig oppblåste armringer. Klubbane frå kvar avdeling går ilag med 4 vaksne der minimum eit av personalet har livredningskurs. Målet med badinga er å få trygge barn i vatn gjennom leik.

## Kunst, kultur og kreativitet

I løpet av barnehageåret vil vi skape rom for barn som kan utøve og nytte estetiske uttrykksformer. I små grupper kan barna få prøve ulike uttrykksmåtar innafor for dette temaet. Her kan barna få styrke sjølvtilitt, stimulere kreativitet, fantasi og skaparevne.

Kvart år har vi karneval der barna lager sine egne karnevalskostyme basert på tema, som i år er husdyr.



## Forming

Vi legg vekt på at formingsaktivitetane skal vere prega av leik. Det er utprøving og utforsking av ulike materiale som er det sentrale. Teikning, måling, klipping og liming og snikring og spikking er eksempel på aktivitetar. Vi legg også vekt på å nytte naturmateriale og gjenbruk av materiale. Prosessen er viktigast, produktet kjem i andre rekkje.

## Natur, miljø og teknologi

### Haust

Vi ser på naturen om hausten og snakkar om dei endringane som skjer. Vi er ute i ver og vind og gjev borna erfaringar og opplevingar. Vi lærer songar, rim og regler, og les bøker i tilknytning til årstida vi er i. Vi brukar nærområdet, plukkar kantarell, og vi besøker hagar der vi får plukke eple og plomme. Vi har også litt avling i eigen åker!



### Vinter

leik i snø er med på å utvikle borna si bevisstgjerjing om eigen kropp

- snø som materiale er spennande
- ei utfordring for små barn å ta seg fram i snøen
- god til å forme i, lage snøhytte, snømann og "englar"
- ake åleine eller i lang, lang rekke
- Ta gjerne med ski til barnehagen.



### Vår

Om våren ser vi naturen vakne til liv igjen. Vi sår og plantar i barnehagen og prøvar å sjå samanhengen mellom sol, vatn og spiring. Vi lyttar til fuglesong og lærer om dei vanlegaste artane. Studerer insekt og småkryp.

- Utforsking
- Bli glad i naturen
- Sjå kva som lever i naturen og respekt for liv i naturen
- Markere barnehagedagen 15.mars

### Berekraftig utvikling

Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Vi må gjere noko og gi borna tru på framtida, og vi vil



fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn. Dette arbeider vi med gjennom heile året, og 2 veker om våren har vi ekstra fokus på miljø.

- Kjeldesortering av papp, papir, plast, metall og glas
- Bevisstgjere born, t.d. plukke søppel på turar
- Slå av lys når vi går ut og late att dører
- Finn eksempel på kva nytt ein kan lage av kjeldesortert materiale
- Kortreist mat og min 15% økologiske matvarer
- Vi går til turmål
- Lære borna å ta vare på klede sine og leikene vi har
- Dyrke mat i vår vesle åker

Vi oppmodar til:

- Gå eller sykle til barnehagen/jobben om du kan
- Skru av motoren på bilen.
- Merke klede og sko så dei ikkje kjem vekk
- Bruk matboks til frukost og tøypose/gjenbrukspose til våte klede.



## Mengd, rom og form

Mengd, rom og form er eit av fagområda i rammeplanen som skal synast att i barnehagens kvardag. I barnehagen underviser vi ikkje matematikk, men legg til rette for gode læringssituasjonar prega av leik. Matematikk handlar ikkje berre om tal og teljing, men like mykje om problemløysing, tenkje logisk og sjå samanhengar. Borna vert kjende med matematikk både i kvardagssituasjonar og gjennom tilrettelagde aktivitetar tilpassa alder og modning. Elles samtalar vi om ver/årstider, rekkjefølgja på månadar og årstid, ulike matematiske omgrep, likskap/ ulikskap, storleikar, former, mål og mønster. Vi har fokus på at det skal vere leikprega og vi tek utgangspunkt i det barna interesserer seg for. Barna opplever matematikk gjennom song, eventyr, spel, sortering, konstruksjonsleik, lage mønster, pusle, perle, lage mat, butikkleik med mykje meir.

Borna skal få erfaring med bruk av digitale verktøy:

- I-Pad på alle avdelingar
- Google etter ting vi lurer på, hente kunnskap frå internett
- Fotografere og lage digital bildeforteljing

## Etikk, religion og filosofi

### Advent og juleførebuing

Vi legg vekt på å gjere førjulstida til ei koseleg tid der borna skal få delta i juleførebuingane på sitt nivå. Kvar dag i desember har vi adventstund der vi tenner adventslys, syng julesongar og opnar kalender.

- skape forventningar til høgtida som kjem
- styrkje gruppekjensla gjennom fellesopplegg
- skape hygge og kos i barnehagen

Vi:

- pyntar og bakar
- syr lammerull til foreldrefrukost
- lager julegåver
- syng julesongar
- formidlar julebodskapen
- Julefrukost med føresette og søsken
- Markerer Lucia
- nissefest
- går til kyrkje

#### FILOSOFI /UNDRING

Møte barn sine spørsmål på ein open måte

- aktiv lytting
- barneintervju
- kva betyr ulike ord
- kva er å ta vare på ein venn?

### Nærmiljø og samfunn

Vi har mange stadar i nærmiljøet som er kjekke å besøkje. Det er viktig at borna vert kjende i nærområdet sitt. Stader vi besøkjer i løpet av året: Sjukehuset, nærbutikken, brannstasjonen, stadion, helikopterplassen, kyrkja, ferjekaia, biblioteket, rådhuset, høgskulen, Bratteberg og Øyra skule og andre barnehagar.



Første veka i februar blir vi litt kjent med samisk kultur og tradisjon. På Samisk nasjonaldag 6.februar lagar mat der vi nyttar reinsdyrkjøtt.

## Barn i andre land

Vi har ei viktig oppgåve i å vere med på å styrke haldningar om at menneske frå ulike kulturar respekterer kvarandre. Likeverd, nestekjærleik og solidaritet er viktige stikkord. Eit sentralt mål for oss er at barn utviklar toleranse og respekt for alle menneske. Lære borna om FN sin konvensjon om barnrettane

- foreldrekafe i oktober
- samle inn pengar til Lola Day Care på Filippinene.
- lage kunst som vi sel til foreldra til inntekt for Lola Day Care.
- markere kulturar som er representerte hos oss

- FN sin barnekonvensjon og barn sine rettar
- Markere livssynsmessige og kulturelle tradisjonar som er representert i barnehagen i samarbeid med heimane

## OVERGANGAR

### Overgang heim – barnehage eller mellom barnehagar

I barnehagane i Volda kommune har vi 5 dagars tilvenning. Det betyr at alle må sette av minimum 5 dagar med tilvenning i barnehagen. Denne ordninga har vi for at overgangen skal bli best muleg for barna. Som ei bonus får de foreldre god kjennskap til rutinar og personalet som jobbar på den avdelinga barnet/a skal gå på. Les gjerne meir om 5-dagars tilvenning her: [Foreldreaktiv tilvenning i fem dagar](#)

Vi ynskjer at barnehagen skal vere ein stad der born og foreldre trivst, få oppleve fellesskap og kjenne seg trygge og oppleve tilknytning og gode relasjonar. God kommunikasjon mellom føresette og dei tilsette er viktig for å kunne tolke barnet sine signal. Heim og barnehage bør utfylle kvarandre slik at dei saman utgjer ein heilskap i barnet sin kvardag.

- Barna får ein kontaktperson på avdelinga som skal vere ei trygg base for barnet. Dette vil vere med å skape tryggleik i høve alt det nye, både for barnet og foreldra.
- Dei nye borna skal gradvis verte kjende med nye omgjevnader, nye barn og vaksne. Dei eldste borna på avdelinga er medhjelparar i denne prosessen. Dei skal også knyte kontaktar og finne sin plass i ei ny gruppe.

- Dagsrytma hjelper barnet å kjenne igjen kva som skal skje i løpet av dagen, og rutine er med på å skape oversikt og tryggleik.

### Overgang mellom avdelingar

Når barn etterkvart skal bytte avdeling frå 1-3 årsavdeling til 3-6 årsavdeling, blir det ei ny tilvenningstid. For at overgangen skal opplevast trygt og godt for barnet, legg vi vekt på eit nært samarbeid på tvers av avdelingane i barnehagen, spesielt vårhalvåret

- Før overflytting går vi ofte på besøk til den avdelinga barnet skal ta til på og nyttar uteområdet bevisst for at barna skal bli kjent med både andre barn og vaksne på Revehiet og Bjørnehiet.
- Vi legg til rette for at barnet får knyte gode relasjonar til både dei vaksne og barna på avdelinga før overflytting.
- Vi hjelper kvarandre både inne og ute på tvers, alle borna er "våre" uavhengig av avdeling. Vi har erfart at eit nært samarbeid innad i barnehagen gjer borna trygge og lettar prosessen med overflytting for barnet.

### Overgang barnehage - skule

Volda kommune har eigne rutinar for overgangen mellom barnehagen og skolen.

[Plan for samanheng mellom barnehage, skule og sfo](#). Anbefaler alle om å gå inn og lese rutinen. I det digitale heftet finn de også nokre filmar frå udir som kan vere verdt å få meg seg når det gjeld overgangen til skule. Under aktivitetar for Kløverklubben vil de sjå korleis barnehagen konkret jobbar med overgangen.

## SAMARBEID MED FORELDRE/FØRESETTE

Vi ynskjer engasjerte foreldre/føresette som tek medansvar for barnehagetilbodet.

Barnehagen skal støtte, men det er de foreldre som er dei viktigaste i barnas liv.

Open kommunikasjon i møtet med føresette og kontinuerleg oppfylging av enkeltbarn i nært samarbeid ved bringing og henting er viktig.

I arbeidet mot skjult mobbing og utestenging er vi avhengige av dialog mellom barnehage og heim. Kva fortel barna heime om barnehagekvardagen? Korleis omtalar barna andre barn? Kva gjer de foreldre for å inkludere barn på fritida?

**Forsking om mobbing er eintydig: Foreldra er dei viktigaste rollemodellane.**

Det er nulltoleranse for mobbing, utestenging, vald, trakassering og diskriminering i barnehagen, Jfr. § 41. Barnehagen skal sikre at barnehagebarna har eit trygt og



godt barnehagemiljø. Dersom barnehagen får vite at eit barn ikkje har det bra i barnehagen, skal det lagast ein skriftleg tiltaksplan for å sikre at barnet får ein trygg barnehagekvardag. I planen skal det stå:

- kva problem som skal løyse
- kva barnehagen har planlagt
- når tiltaka skal gjennomførast
- kven som skal gjennomføre tiltaka
- når tiltaka skal evaluerast.

### **Foreldresamtale:**

2 gongar i året vil pedagogisk leiar/barnehagelærer tilby tid for ein samtale med foreldra. Samtalen er ein dialog med foreldre - til barnet sitt beste. Pedagogisk leiar/barnehagelærer vil kome inn på:

- korleis barnet trivst i barnegruppa
- korleis barnet tek kontakt med andre barn og vaksne
- interesser
- utviklinga til barnet
- kva barnet seier heime

### **Andre samarbeidsformer:**

Oppstartsamtale for nye i samband med oppstart i barnehagen

Foreldremøte

Ulike sosiale arrangement

Dugnad

Representantar i samarbeidsutval

## **VURDERINGSARBEID**

### **Vurdering av eige arbeid:**

For å sikre oss eit trygt og utviklande læringsmiljø og vere i kontinuerleg utvikling må vi vurdere barnehagen sitt arbeid. Dagleg observasjon, samspel og samtalar med barnet er grunnlaget.

Personalet gjer dette dagleg. Både i samarbeid, refleksjon avdelingsvis og på personalmøte og planleggingsdagar.

Vi vurderer:

- Borna sin trivsel og utvikling på ulike område.
- Borna i leik og sosialt samspel. Alle skal ha nokon å leike med.
- Barnehagen sine rutinesituasjonar og tradisjonar
- Samarbeid/teambygging i personalgruppa

### **Foreldrevurdering:**

Gjennom foreldresamtale, dagleg kontakt og brukarundersøking ynskjer vi å få vite om barnehagen svarer til forventningane. Resultat av evaluering vert brukt for vidare planlegging og samarbeid med foreldra.

## **SAMARBEID MED ANDRE INSTANSAR**

Vi samarbeider også med andre instansar for tidleg innsats og førebygging:

- Helsestasjonen.
- Koordinator/spesialpedagog som kan observere og gi råd til personalet- PPT. Lågterskeltilbod
- Barnevern
- PPT
- Skule- spesielt med tanke på overgang mellom barnehage og skule
- Kommunepsykolog tilknytt helsestasjonen – både barnehagen og foreldre kan kontakte kommunepsykologen.
- Ressursteam - her kan vi drøfte enkeltsaker som for eksempel for å finne ut korleis vi, barnehagen og evt. andre instansar kan støtte barn eller heim best muleg. Dette er eit lågterskeltilbod som alle kan nytte om ein er bekymra for barnet.
- TSG - Hausten 2020 vart det starta opp tverrfaglege samhandlingsgrupper (TSG). I TSG kan barnehagen drøfte saker på systemnivå. I TSG gruppene sitt spesialpedagog, styrar Oppigarden og Hjellbakkane, ein repr. frå barnevern, helsestasjon og ppt.
- BTI – står for betre tverrfagleg innsats og er ei samhandlingsmodell som skal gjere det enklare å samarbeide og på den måten sikre at alle barn, unge og familiar skal få den hjelpa dei treng.

# KVALITETSUTVIKLING

Volda kommune har satsa på kvalitetsutvikling i barnehagane i mange år. I 2020 starta vi opp med Rekomp arbeid i Volda. Rekomp er ei regional ordning som skal bidra til at barnehagar utviklar sin pedagogiske praksis gjennom kompetanseutvikling. Tema vi har jobba med i denne perioden er læringsmiljø og språk. I år er hovudmålet å nytte ASK i kvardagen.

## Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK)

ASK er Voldabarnhagen sin store satsing dei neste tre åra og betyr alternativ og supplerande kommunikasjon. ASK betyr å kommunisere på andre måter enn gjennom talespråk (ASK - statped).

Målet med utviklingsarbeidet er å auke kompetansen hos alle tilsette i barnehagesektoren slik at dei tilsette skal gi alle barn betre føresetnadar for god språkutvikling. Vi skal nytte Rolltalk Designer for print i arbeidet. Dette programmet gjer det enklare for oss å lage til dagstavler, tematavler og snakketavler til alle situasjonar i barnehagen. Vi ynskjer med dette utviklingsarbeidet at symbolstøtte til talespråket skal bli ein del av det almennpedagogiske tilbodet i Voldabarnhagen og skal vere positivt bidrag i språkutviklinga til alle barn. Det seiest at ASK er bra for alle og nødvendig for nokre. Eksempler på ASK, neste side:



Dagsplan



Snakketavle:

jeg	hva	ikke	hjelpe
du	hvem	liker	like
vi	hvor	vil	ring
den	hvorfor	besøke	sms
gjenta	når	vet ikke	snill

Tematavler:

Kaldt	Regntøy	Regn
Blad faller	Høst	Paraply
Sopp	September	Støvler
Oktober	November	Våt



## OVERSIKT OVER FELLESAKTIVITETAR OG TRADISJONAR 2024-2025

### Fellestema: husdyr

August	Ein dag i slutten av august, sjå an veret. 22.8. Pizza med kantarell 23.8	Sopptur med Kløverklubben (skule-startarane).
	24.8	Ukrainsk nasjonaldag Svitlana lager tradisjonell borsch 26.8
	Veke 35	Øving med bjelle – PLIVO – (pågåande livstruande vald – ring 112)
	29.8, 26.9 ...	Felles songstund, ein gang pr. måned
September	Veke 37 og 38	Brannvernveke. Både varsla brannøving og uvarsla. Besøk på brannstasjonen.
	I løpet av september/oktober	Friluftsveker. Lavvo-matturbingo-uteforming. Mest muleg ute.
Oktober	3.oktober	Tysk nasjonaldag
		Oppstart barn i andre land som tema. Jobbe med barnekonvensjonen. Fellessamling.
		Øyra langs 19-20 oktober. Barnehagen lager eit felles prosjekt
	Veke 42 og 43	Tema barn i andre land, innsamlingsaksjon til Lola Day Care på Filippinene
	23. oktober	Planleggingsdag – bhg er stengt
	24.oktober	Foreldrekafe, velkomne frå kl. 14.30
November	1.november 4.november	Sy lammerullar 1.nov Kokast måndag 4.nov
	11.november	Polsk nasjonaldag
	Veke 47	Førebuing til adventstida tek til
Desember	Onsdag 04.12	Julefrukost

	Torsdag 7.des kl. 1315	Besøk i kyrkja for kløverklubben
	13.12	Lucia feiring
	Tysdag 17.12	Nissefest for barna på dagtid
	Fredag 20.12	Felles adventsstund? julelunsj
Januar		Fellestema: Dyr i verden
Februar	Veke 4-5 jobbe med samefolkets dag. Torsdag 06.02	Markere Samefolkets dag. Taco med reinsdyrskav.
	27.02	Karneval
Mars	11.mars	Barnehagedagen
	Veke 14 og 15	Påsketema
April	17	Syrisk nasjonaldag
	18 og 19	Miljøvernveker
Mai	Fredag 16.05.25	«Øve» til 17.-mai
	24.5	Eritreisk nasjonaldag
Juni	Onsdag 04.06.25	Sommarfest
	12.6	Filippinsk nasjonaldag
	17.6	Islandsk nasjonaldag
	Veke 24 etter nærare avtale	Dagstur med Kløverklubben

## **Jan Magnus Bruheim : Liten gut fortel**

Eg fekk det ordet eg var tverr  
og lei og vrang og sky og skjerr.

Eg ikkje anna høyre fekk,  
og sturen var eg kvar eg gjekk.

Visst er eg vrang og vond og sur,  
eg må vara slik dei trur.

Så hende det ein vakker dag  
at all ting fekk eit anna lag.

Igjennom veggen høyrde eg  
at nokon tala godt om meg.

Eg ville ikkje lyde på,  
men stilde meg så lett på tå.

Og høyrde før eg smeit meg ut:  
"Han er så grei og gild den gut".

Eg kvakk litt til, men var så glad  
då eg fekk høyra kva dei sa.

Eg gøymde meg og sto og gret,  
men alt i kring vart så ljost og let.

Og midt i gråten tenkte eg,  
at når dei trur så godt om meg

då skal eg jamn syna dei  
at eg kan vara god og grei.

Dei godord gjorde dagen bjart.  
Å du, kor hjartevarm eg vart.